



Janet Alice Sjo har oppfylt kravet om buplikt på garden, vedgår administrasjonen i kommunen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Administrasjonen i kommunen har snudd i saka om buplikt for Janet Alice Sjo som eig ein gard på Fet. Rådmannen går no inn for at forvaltningskomiteen i møtet til veka skal ta klagen frå Sjo til følgje og gjera om vedtaket frå februar i år.**

Det heiter i framlegget frå rådmannen at Janet Alice Sjo har dokumentert at ho oppfyller kravet til buplikt og kravet om fast tifytting til garden i Uskedalen vert såleis trekt attende.

Det er eit vilkår at jord og skog vert driven og halden i hevd og at eigaren deltar i fellestiltak i skogen.

Administrasjonen skriv no mellom anna dette:

'Klagar har opplyst at dei er i Uskedalen 30-40 prosent av året. Resterande tid bur dei på Halsnøy, Det er og oppgitt at dei ved overgang til pensjonsalder kjem til å vera meir i Uskedalen. I tillegg bur foreldra til søkjar store deler av året i hovudhuset på bruket.

Søkjar har lagt ned mykje innsats i bruket og planlegg å gjera meir.

Arealet på bruket vert og godt drive og er viktig for forgrunnlaget på eit nabobruk.'

Av Ola Matti Mathisen